



Notat

Dato: 30.08.2018
Arkivsak: 2014/278-58
Saksbehandlar: vigbjo

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Kollektivstrategi Hordaland, Årsrapport 2017 - årsproduksjon for ruteproduksjon

I samband med handsaming av sak 60/2018 «Kollektivstrategi for Hordaland – årsrapport 2017» fatta fylkestinget følgjande vedtak:

«Km-produksjon i anbudsområda må også verte vist i årsproduksjon (ref. tabell side 27). Dette for lettare samanlikning med tidlegare år. Vert lagt fram for fylkestinget.»

Tabellen under viser planlagt ruteproduksjon per kontraktssområde målt i kilometer:

	Rutekilometer 2016	Rutekilometer 2017
Bybanen	1 602 448	2 010 092
Austevoll	400 429	398 912
Sunnhordland	2 152 104	2 193 365
Hardanger og Voss	5 406 500	5 425 715
Modalen og Vaksdal	368 335	369 324
Nordhordland	3 199 974	3 209 054
Osterøy	1 027 905	1 023 845
Bergen sør	6 252 575	6 244 996
Bergen nord	6 525 750	6 668 084
Bergen sentrum	4 619 636	5 013 540
Vest	5 109 829	5 133 171
Servicelinjene i Bergen	54 944	53 737
Totalt buss	35 117 981	35 733 743

Produksjonstala vert henta ut frå ruteplanleggingssystemet, Hastus, og viser planlagt produksjon. I tala for 2017 ligg endringane knytt til sykkel-VM.

Tala viser ikkje delar av såkalla avvikskøyning som skjer i samband med uføresette hendingar og midlertidige omleggingar, som til dømes ved vegarbeid, omlegging grunna ras, ein del arrangement m.v..

Frå år til år vil talet på sundagar, tal kvardagar i romjula, skottår og liknande påverke den totale årsproduksjonen. Det at ruteproduksjonen for eit heilt år viser «avvik» mellom åra er ikkje nødvendigvis på grunn av endringar i rutetilbodet, men i desse årlege kalendervariasjonane. I tillegg vil behovet for skuleskyss variere frå år til år og såleis påverke den samla produksjonen.

I årsrapportane for 2015 og 2016 er årsproduksjonen for det enkelte år tatt med i faktadelen. I årsrapporten for 2017 er det valt å vise produksjonen for ei normalveke, måndag til fredag, då dette gir eit betre bilete av utvikling av ruteproduksjonen. I årsrapporten for 2018 vil både årsproduksjon og kvardagsproduksjon i ei normalveke bli tatt inn som nøkkeltal.